

## **Følgjebrev til byggjesøknad for gnr 104/bnr 56**

Då huset vårt i Holmåsvegen 38 har ei litt ugunstig planløyning for min familie på 5, og me har moglegheit til å overta, dels som arv, Fjellangersvingane 260 på Haukås, ønskjer me å byggje eit tilbygg på huset på gnr 104/bnr 56. Dette sidan det berre er eit soverom i huset no, me vil altså byggje på 49,9 kvm, som vil gje plass til 3 barnerom og eit gjesterom/bod.

Eigedomen står no tinglyst på min far; Jan Arne Haukås, men vil bli ført over på meg og mi kone i næraste framtid.

Det har alltid vore ein draum å flytte tilbake der som eg er vaksen opp, dessuten er det fleire av venene til borna som bur der i nærleiken, samt min familie.

Det står eit slags drivhus/enkel hagestove der som vi skal ha tilbygget, dette tar vi ned før byggjing.

Næraste naboer er veldig positive til at vi skal flytte inn der, og har ingen merknader til tilbygget som omtrent ikkje blir synlig for nokon av dei. Nabovarsel, nokre på E-mail med svar, samt eit par levert direkte, er vedlagt. Eine er besvart av vergemål for eigar av hytte på Gnr 104/Bnr 37, sjølve eigaren er permanent innlagt på aldersheim, men er veldig positiv til vårt tiltak.

Tilbygget skal førast opp av tømrrar/byggjefirma. Elektro av autorisert installatør. Det blir muligens mindre endringar på røropplegg innvendig, då bad og kjøkken i eksisterande bygg må renoverast.

Det står også ein stolpe med telefonledning og lavspent som vil komme i veggen for tilbygget, denne må vi kommunisere med BKK for å få flytte nokre meter sørover.

Har sett i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, kriteria i denne ser det ut som vi går fint innunder.

Der som tilbygget kjem, er det no plen og nokre busker/kratt.

Håper eg/vi har fått med det meste av relevant informasjon.

Mvh

Jostein Haukås og Nina Tvedt Haukås

Holmåsvegen 38

5955 Lindås

Tlf: 41201857

E-post: johaukas@gmail.com

